

# Referat fra styremøte 14.01.2019

## **Sak 1:**

Styret planlegg datoar for møter i 2019.

Styremøter: Dagleg leiar sender ut møteinnkalling.

- **13. Februar**
- **10. April**
- **21. Mai**
- **13. Juni**
- **06. August**
- **23. Oktober**
- **04. Desember.**

Årsmøte til VHPK: **28.februar**

Møte for sikkerhetsgruppa: **14.mai** og **10.september.**

Instruktørmøte: **24.mai**

2 Tandemmøter

Enig med Christian om når tandem møte før og etter sesongen.

Styret ønsker at det skal vara klubbkveldar i år, Ove kan planlegge ein klubbkveld med tema: Fartsskade.

Seksjonsmøte og årsmøte for Norges luftsportforbund er **7.april** på Sola.

Einar, Kjell, Tom og Renate ynskjer å reisa.

## **Sak 2:**

Styret bestemmer at lønnssystemet for tandempilotane og instruktørar på kurs må oppdaterast. Inntekter frå tandemturen og kurs skal gå til klubben.

Alle tandempilotar får 1000kr når flyturen er i Voss sentrum.

Styret diskuterer om det er mogleg å prøve ut tandemflyging i Aurland for turistar i sommarhalvåret. Styret er positiv.

Styret bestemmer at instruktøren på kurs skal ha 5000kr for jobben.

Voss Resort er villig til og samarbeida med VHPK. Dei ønsker å bli med på sponning av tandemskjermar (3-4stk.) med logoen deira. Styret ynskjer at tandempilotane skal bruka desse som hovudskjermar frå Bavallen. Heiskort til gondolen skal følge med desse skjermene og evt. vindjakker med diverse logo på.

Styret er positiv til å ha Voss Resort som samarbeidspartnar.

**Avtale med Voss Resort: Lars.**

**Egen jakke også til instruktører. Einar hører med HE Eide.**

**Sak 3:**

Skulebakken/ elevbakkar.

Styret er positive til å ta kontakt med grunneigar for å fornye avtalane om skulebakkane/elvebakkane. Kjell tar kontakt med grunneigarane. Styret har et ynskje om å leggja kunstgras på Bavallstarten til Ekstremsportveko.

**Sak 4:**

Midlertidig oppauke av stillinga til dagleg leiar.

Dagleg leiar kjem med spørsmål til styret om å auke opp stillinga til 75% grunna auka arbeidsmengd.

Styret stemmer for at dagleg leiar kan få auke opp stillinga midlertidig med 25% til Ekstremsportveko 2019. Styret ønsker at dagleg leiar skal skrive ein 14 dagars plan som han informerer styreleiar om via e-post. Dette for å redgjere og enklare begrunna for klubbensmedlemer kva dagleg leiar sin auka stilling går ut på. Styreleiar ordnar med ny arbeidsavtale til dagleg leiar.

Dagleg leiar informerer styret:

Klubben har fått tilbod om støtte til prosjektet på Bavallstoppen av Vekselbanken. Tilbodet er på 100.000kr til etablering av start og 10.000kr årleg i 5 år.

Vekselbanken har mange vilkår for denne støtta: Vekselbanken vil vera hovudsponsor, dei ynskjer å ha logoen sin på nettsida og Facebooksida vår, logo på ein tandemskjerm og vindpølser, logo gravert i stein på starten, og medieomtale.

*Referent:*

*Brita Linn Fretheim*